

# Ikkje slutt å bry deg

Tekst og musikk: Jon Solberg

♩ = 56

D G D

Spør meg ås - sen eg har\_\_ det. Spør meg ås - en det gjeng.. Eg sva-rar:

5 D A/C# Hm Hm/A E/G# A

"Jau,\_\_ det gjeng bra, det", men eg lyg så det renn\_\_ av

9 D D7 G D

meg og al - le\_\_ så - ra som du ik-kje kan\_\_ sjå, som du

13 G D A/C# Hm A

ik-kje kan\_\_ for- stå\_\_ Men ver så snill, ik-kje slutt å bry deg.

17 D A/C# Hm A D

Ja, ver så snill ik-kje slutt å bry deg.

23 G G#° D/A F#/A# Hm

Ik - kje\_ gje\_ meg opp.\_ Ik - kje\_ gje\_ meg opp.\_

27 E<sup>7</sup> A

Finn meg, for eg treng deg.\_ Å, ik - kje\_ gje\_ meg opp.\_

30

\_ Ik - kje\_ gje\_ meg opp.\_

Spør meg åssen eg har det. Spør meg åssen det gjeng.  
 Eg svarar: "Jau, det gjeng bra, det", men eg lyg så det renn  
 av meg og alle såra som du ikkje kan sjå,  
 som du ikkje kan forstå.  
 Men ver så snill, ikkje slutt å bry deg.  
 Ver så snill, ikkje slutt å bry deg.

Kom innom når eg ikkje ber deg - når eg ikkje e i slag.  
 Eg sit i stugo der ingen ser meg og ventar på ein betre dag.  
 Eg kjem 'kje til å opne. Nei, du får 'kje sjå meg nå -  
 med den svarte kufta på.  
 Men ver så snill, ikkje slutt å bry deg.  
 Ver så snill, ikkje slutt å bry deg.

Ikkje gje meg opp.  
 Ikkje gje meg opp.  
 Finn meg, for eg treng deg.  
 Ikkje gje meg opp.  
 Ikkje gje meg opp.

Syng meg gode viser. Hvisk meg gode ord.  
 Så eg ikkje forliser med for tung last ombord.  
 Fulle folk blir kasta ut, tomme folk blir kasta inn  
 dit meininga med alt forsvinn.  
 Men ver så snill, ikkje slutt å bry deg.  
 Ver så snill, ikkje slutt å bry deg.